



Valle Idrottslag

www.valle-il.no | post@valle-il.no

Postboks 7, 4747 Valle

Bankkonto: 2890.20.60075

Styreleiar Anne Liv Lidtveit, telefon 99386630

Styremøte i Valle IL 21. november 2016

Desse møtte:

Anne Liv Lidtveit (leiar)

Elisabeth Spockeli

Gunnar Brottveit

Bjørgulv Sverdrup Lund

Torleif Harstad

Ingunn Uppstad (vara)

1) Referatsaker

a. Klubbhus

Anne Liv orienterte. Ein har nå klar spelemiddelsøknaden, og den blir sendt så snart ein har vedtatt endeleg finansiering (sak 8).

2) Gjennomgang av økonomien

Gunnar orienterte. Laget har god økonomi.

3) Politiattestar og nestleiar for politiattestordninga

Ein har mottatt informasjon om politiattestordninga. Vi er nesten i mål, og har på plass ein ansvarleg og det blir fortløpande innhenta politiattestar av trenarane. Det må også vere nestleiar på ordninga.

Anne Liv føreslo at leiar er ansvarleg og nestleiar er nestleiar for politiattestordninga i Valle IL.

Vedtak: Leiar er ansvarleg og nestleiar er nestleiar for politiattestordninga i Valle IL.

4) Forsikringar

Ein har henta inn pris på ulykkesforsikring av medlemene, og innhenta pris på ei styreforsikring.

Det er ikkje vanleg å ha slik ulykkesforsikring som det her er tale om, og styret vedtok å ikkje skaffe dette på nåverande tidspunkt.

Vi har i dag ei såkalla kriminalitetsforsikring, som vi er plikta å ha. Denne vurderte styret at er tilstrekkeleg på nåverande tidspunkt.

Vedtak: Ein teiknar ikkje ulykkesforsikring eller styreforsikring.

5) Stønader til utøvarar

Ein har mottatt to søknadar; Aron Åkre Rysstad og Elin Uppstad. Budsjettet for 2016 er på kr 25.000,-.

Vedtak:

Aron Åkre Rysstad kr 12.500,-
Elin Uppstad kr 12.500,-

Pengane utbetalast i desember 2016.

6) Utbetaling av godtgjering 2016 til leiar, nestleiar og kasserar

Utbetaling av godtgjering til leiar, nestleiar og kasserar blei i sak 2 på styremøtet 18. august vedtatt flytt til desember.

På grunn av grensene for skattefri godtgjering, kan leiar berre motta totalt kr 20.000,- per år. Anne Liv har fått kr 14.000,- (for 2015) i mars. Utbetaling i desember er derfor på kr 6.000,-.

Framlegg frå Gunnar om at Anne Liv får utbetalt kr 8.000,- i januar 2017, som restbeløp 2016. Styret stilte seg bak dette.

Vedtak:

Utbetalast desember 2016:

Leiar kr 6.000,-
Nestleiar kr 6.000,-
Kasserar kr 6.000,-

Utbetalast januar 2017:

Leiar kr 8.000,-

7) Utbetalingstidspunkt for gåvekort til trenarar

Framlegg om å ha utbetalingstidspunkt/utdelingstidspunkt i juni, før skuleslutt. Ønskjer å gjere litt stas på trenarane då. Styret var positive til dette.

Vedtak: Utbetaling/utdeling av gåvekort til trenarane skjer i juni.

8) Lånesøknad

I samband med finansiering av klubbhuset, er det i spelemiddelsøknaden behov for finansiering av ca kr 950.000,-. Ein har søkt Valle sparebank om eit lån, og fått tilslag. Detaljar og vilkår er ikkje fastsett, men er noko vi kjem tilbake til.

Styret må vedta å ta opp lån på kr 945.830,- slik at ein får finansierte klubbhuset ferdig og kan sende spelemiddelsøknad.

Vedtak: Valle IL tek opp lån i Valle sparebank på kr 945.830,- til bygging av klubbhus.

9) Eventuelt

Spørsmål om vi ønskjer å selje kokeboka til Torbjørg Haugen til inntekt for klubben. Styret seier nei til dette.

Anne Liv Lidtveit
referent